



Statens vegvesen

Notat

Til: Planforum
Frå: Statens vegvesen
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ingar Hals - 57655779
Vår dato: 24.03.2014
Vår referanse: 2013/014803-024

Skredsikring rv. 13 Vik-Vangsnes - Notat til Planforum

Vi har meldt planstart på dette prosjektet. Prosjektet har i handlingsplan til NTP midlar frå 2016 under posten for skredsikring. Utkast til planprogram og forprosjekt for løysing i sør er tilgjengeleg her: <http://www.vegvesen.no/Riksveg/rv13vikvangsnes/Nyhetsarkiv/melding-om-oppstart-av-reguleringsplanarbeid-for-skredsikring-rv.13-vik-vangsnes> .

Spesielle tema vi ønskjer å ta opp i møtet er m.a.:

Stram planframdrift

Med tanke på bygging frå 2016 er framdriften i planprosjektet svært stram. Dette legg føringar for m.a. evt. kulturminneregistreringar, er dette OK?

Løysing i sør

Vi har utarbeida eit forprosjekt for val av løysing i sør. I samråd med Vik kommune har vi valt ei løysing med påhogg sør for Kyrelvi. Evt. synspunkt?

Massedeponi

Det vil vere eit stort masseoverskot frå anlegget. Vi legg opp til å deponere nokre massar i Djupeviki nord for skredsikringstiltaket. Gode steinmassar elles er planlagt kjørt opp til Bødalen og regulert deponi for seinare bruk ved bygging av Vikafjellstunnelen. Vi vil og ha overskot av lausmassar i planprogram har vi m.a. vist til at aktuelle område for deponi og kan vere Hesjesletta og skredsikring på Vetleøyri. Begge desse er område som er vist i utkast til ny kommuneplan for Vik. Evt. synspunkt på handtering av dette?

Konsekvensutgreiing generelt

Tiltaket har krav om KU pga. stor tiltakskostnad. Vi legg opp til reguleringsplan med eitt alternativ. KU-metodikk er generelt krevjande, og er i stor grad lagt opp til at planarbeidet omfattar fleire alternativ som det skal veljast mellom. Vi har i planprogrammet prøvd å leggje inn nokre formuleringar om omfang og rangering av tema for å forenkla arbeidet noko (m.a. i innleiinga til kap. 4, øvst s. 22; sist i kap. 4.2.1, øvst s. 26; og i kap. 4.4 s. 32). Evt. synspunkt og gode råd rundt dette?

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Eksternt samarbeid

I det vidare planarbeid har vi i kap. 5.2 (s. 33) lagt opp til at Planforum kan vere ekstern referansegruppe. Dette vil innebere at vi vil ta opp prosjektet på nytt når utkast til plan sendast til off. ettersyn. Synspunkt på om dette er OK, eller om nokre etatar ser behov for dialog/deltaking ut over dette?

Vi håper elles at vi generelt kan få gode innspel til planprogrammet og det vidare planarbeid!